

## **Sak 5:**

### **Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke**

#### **Bakgrunn:**

Fylkestinget i VLFK ba i møte desember 2019 om at det vart starta eit arbeid med å sjå på framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke.

I referatsak (09.06.20) lagt fram for politikarane i VLFK peikar ein på to konsept som ein ser det formålstenleg å arbeide vidare med:

- 0-konseptet (samarbeidskonseptet)
- 1pluss-konseptet (ny organisasjonskonsept)

I likelydande brev datert 08.09.2020 til Bergen Byarkiv, IKA Hordaland IKS og Kommunearkivordninga i Vestland KO vart det bedt om tilslutnad til dei vurderingar som er gjort og framlegg til vidare prosess.

Svara frå kommunearkivordningane vil bli nytta i arbeidet med ei sak til fylkestinget i desember med ulike strategiske vegval og konsekvensar.

#### **Saksutgreiing**

Medlemmene i kommunearkivordninga KO har nett vore igjennom ein omfattande organiseringsprosess med utforming av nye vedtekter heimla i kommunelova § 19.

Nye vedtekter har fått tilslutnad hjå samtlege kommunestyre og fylkestinget i VLFK.

Framover er det tviløst mykje å hente på tettare og meir formaliserte samarbeidsavtalar mellom kommunearkivordningane i Vestland. Samarbeid som kan styrke kvaliteten på dei tenestene vi skal levere og som samstundes kan vere kostnadssvarande.

#### **Aktuelle samarbeid:**

- Samarbeid innanfor depotområde. Både i høve elektronisk skapte arkiv og analoge/papirbaserte arkiv

- Samarbeid innanfor digitalisering. Ein opplever stadig større forventningar og krav i høve digital tilgjenge av arkiv.
- Samarbeide i prosjekter der ein har felles utfordringar. Det kan også vere aktuelt å sjå på høve til å arrangere felles kurs og konferansar.

**Vedtak:**

Styret i kommunarkivordninga tilrår at det vert arbeidd for å få til eit formalisert samarbeid mellom dei tre kommunarkivinstitusjonane Bergen Byarkiv, IKA Hordaland IKS og Kommunearkivordninga i Vestland KO.